



Innst. 442 S

(2010–2011)

Innstilling til Stortinget fra utenriks- og forsvarskomiteen

Prop. 127 S (2010–2011)

Innstilling fra utenriks- og forsvarskomiteen om endringer i «Regulativ for tillegg mv. til utskrivne vernepliktige mannskap»

Til Stortinget

1. Sammendrag

1.1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Forsvarsdepartementet fram forslag om regulering av primærgodtgjersler for utskrivne vernepliktige mannskap frå 1. juli 2011.

1.2 Samandrag og tilrådingar

Forslaget til regulering er basert på resultatet av løneoppgjøret mellom staten og LO Stat, Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund Stat, Akademikerne og Unio. Med grunnlag i løneoppgjøret for statstilsette blir primærgodtgjersler til vernepliktige mannskap tilrådd auka med 2,73 prosent frå 1. juli 2011.

Meirutgiftene for 2011 er utrekna til 11,904 mill. kroner.

1.3 Bakgrunn

Gjennom mange år er dei økonomiske ytingane til soldatane regulert med basis i løneoppgjøret for tilsette i staten. Forsvarsdepartementet har dei seinare åra, i tråd med synet til Stortinget, lagt til grunn reguleringa i lågaste lønstrinn for vaksen, ufaglært arbeidskraft.

Løneoppgjøret for tilsette i staten i løneramme 02, lønstrinn 19 gav eit kronetillegg på 7 000 på A-tabellen. Dette utgjer ei regulering på 2,73 prosent.

1.4 Vurderingar

Dei årlege reguleringane med basis i løneoppgjøret sikrar dei vernepliktige ein rimeleg god levestan-

dard. Departementet meiner det er naturleg og rimeleg at det óg i år blir gitt ei regulering som for lågaste begynnarløn for vaksen, ufaglært arbeidskraft i staten. Etter ei samla vurdering er Forsvarsdepartementet kome fram til at dei vernepliktige bør få ei regulering på avrunda 2,73 prosent med verknad frå 1. juli 2011.

1.5 Regulering av satsane

Forslaget inneber følgjande regulering av satsane frå 1. juli 2011:

Tenestetillegg frå kr 150,00 til kr 154,00 pr. dag	
Tenestetillegg HV-innsatsstyrke frå kr 808,00	til kr 830,00 pr. dag
Operativt (§13-oppdrag) tillegg frå kr 1 154,00	til kr 1 185,50 pr. dag
Korporalstillegg frå kr 19,00	til kr 19,50 pr. dag
Kompensasjonstillegg frå kr. 295,00	til kr 303,00 pr. dag
Ektefelletillegg frå kr 4 029,00	til kr 4 140,00 pr. måned ¹⁾
Barnetillegg, fyrste barn frå kr 4 581,00	til kr 4 707,00 pr. måned ¹⁾
Barnetillegg, øvrige barn frå kr 1 887,00	til kr 1 938,00 pr. måned ¹⁾
Dimisjonsgodtgjersle 12 månader teneste frå kr. 28 835	til kr 29 638,00 ¹⁾
Utdanningsbonus, dagsats frå kr 56,00	til kr 57,50 pr. dag

1) Summen er avrunda av omsyn til dagsatsar på heil tiøre.

1.6 Samla utrekning av utgiftene

Meirutgiftene av forslaget er utrekna til 11,904 mill. kroner for 2011 etter følgjande fordeling:

Auke av tenestetillegg og korporalstillegg	6,379 mill. kroner
Auke av tenestetillegg HV-innsatsstyrke og Operativt tillegg (§ 13 oppdrag)	0,348 mill. kroner
Auke av kompensasjonstillegg	0,431 mill. kroner
Auke av forsørgjartillegg	0,222 mill. kroner
Auke av dimisjonsgodtgjersle	4,360 mill. kroner
Auke av utdanningsbonus dagsats	0,164 mill. kroner

1.7 Verknad for siviltenesta

Regulativendringar for militære vernepliktige mannskap utløyer tilsvarande endringar for dei sivile vernepliktige. Dette følgjer av militærnektelova § 18. Meirkostnadane for siviltenesteforvalt-

ninga for andre halvåret 2011 er utrekna til 330 000 kroner. Verknad for heile året blir 445 555 kroner.

2. Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Laila Gustavsen, Eva Kristin Hansen, Svein Roald Hansen, Sverre Myrli, Tore Nordtun og Willy Pedersen, fra Fremskrittspartiet, Jan Arild Ellingsen, Morten Høglund, Mazyar Keshvari, Peter N. Myhre og Karin S. Woldseth, fra Høyre, Peter Skovholt Gitmark, Ivar Kristiansen og lederen Ine M. Eriksen Søreide, fra Sosialistisk Venstreparti, Bård Vegar Solhjell, fra Senterpartiet, Trygve Slagsvold Vedum, og fra Kristelig Folkeparti, Dagfinn Høybråten, støtter proposisjonen.

Komiteens medlemmer fra Høyre ber departementet vurdere å likestille utdanningsbonus og dimisjonsgodtgjørelse økonomisk.

3. Komiteens tilråding

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

I statsbudsjettet for 2011 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
450		Sivile vernepliktige	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 40 890 000 til kr 41 220 000	330 000
1719		Felles utgifter og tilskot til føretak under Forsvarsdepartementet	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 229 483 000 til kr 229 501 000	18 000
1720		Felles leing og kommandoapparat	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 2 592 246 000 til kr 2 592 751 000	505 000
1725		Fellesinstitusjonar og -utgifter under FST	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 1 913 817 000 til kr 1 914 335 000	518 000
1731		Hæren	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 5 288 514 000 til kr 5 294 491 000	5 977 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
1732		Sjøforsvaret	
	1	Driftsutgifter, blir auka med	1 689 000
		frå kr 3 282 481 000 til kr 3 284 170 000	
1733		Luftforsvaret	
	1	Driftsutgifter, blir auka med	1 490 000
		frå kr 3 968 358 000 til kr 3 969 848 000	
1734		Heimevernet	
	1	Driftsutgifter, blir auka med	1 050 000
		frå kr 1 048 559 000 til kr 1 049 609 000	
1740		Forsvarets logistikkorganisasjon	
	1	Driftsutgifter, blir auka med	261 000
		frå kr 2 377 209 000 til kr 2 377 470 000	
1790		Kystvakta	
	1	Driftsutgifter, blir auka med	388 000
		frå kr 977 565 000 til kr 977 953 000	
1795		Kulturelle og allmennyttige formål	
	1	Driftsutgifter, blir auka med	8 000
		frå kr 239 877 000 til kr 239 885 000	

Oslo, i utenriks- og forsvarskomiteen, den 14. juni 2011

Ine M. Eriksen Søreide

leder og ordfører

